




Diskusjonsblad for
AKP(m-l) og venter
i Hordaland

SOLRIENNING

OKT. 1974

DETTE NUMMER:

KK-KAMPANJEN

Målstreket: Linjer i AKP(m-l) - styrk nasjonalmålet!

Debatt: Sosial-imperialismen og militærpolitikken

Meldingar

LEIAR: FRAM FOR "KLASSEKAMPEN"!

Våren 1969 kom Klassekampen ut fyrste gongen: ei lita månadsavis - utgjeven av ei å sjå til "lita utgruppe" på venstrefløy. I dag er Klassekampen ei vekeavis med opplag på 15 000. I framtida må ho veksa endå meir: Ein gong må ho bli dagsavis!

Dømet syner at me gjer framsteg fordi me evner å staka ut ein politikk som høver for arbeidarklassen. Avisa har to vesentlege særdrag: Ho skriv om kvardasslivet - og ho er einaste kommunistavisa i landet.

Det er òg ein viktig lærdom at avisa ~~veks~~ gjennom kampen til medlemmene. Utan innsatsen til medlemmene hadde me ikkje hatt Klassekampen - utan kampen for avisa hadde me knapt hatt noko samansveisa kommunistisk parti.

Ein ny kampanje skal stålsetja partiet og styrka opplandet til avisa. Då må me ta alvorlegg på metodane for arbeidet:

- Kvalitet framfor kvantitet: Viktigaste er å jobba systematisk med nokre og vinna resultat.
- Set realistiske mål, og sjå til at dei blir oppfylte!
- Få inn ein jamn rutine i arbeidet: faste kjøparar, dørsal, stands.
- Slå røter i nye bustadområde - lær av i TF/sept.
- Gjer avisa kjend, syn ho fram på vegstolpar o.l. Me får ikkje annan reklame enn den me skapar sjølv.
- Me må kjenna ansvar for avisa. Tyder: skriv innlegg, kritikk og episodar. Slik kan avisa båttrast og fanga interessen til fleire.
- Kvart medlem må ha ei målsetjing! Dei som ikkje har eigne målsetjingar tar heller ikkje del i kampanjen.

Me er no i ei tid då venstre-reformismen styrker seg for å bli eit høveleg støtteparti for DNA. Den nye SV-avisa - "Orientent-Fritering" - skal trygga grepet på massane.

Skal venstre-reformismen vinna fram og frysa fast klassekampen for lengre tid framover? Nei, men då trengst ei styrkemarkering til venstre for "Orientent". Derfor er det særskild viktig med ei vellukka KK-kampanje nett no.

GJER KLASSEKAMPEN TIL LIVSNERVEN I PARTIARBEIDET -
MÅLET SKAL OPPNÅAST!

FRA DISTRIKTSSTYRET:

KAMPANJENE - VIKTIGST FOR Å KORRIGERE FYLKESPARTIETS SVAKHETER NÅ!

Distriktssstyret har nylig avholdt høstens første plenumsmøte. Som en del av årsmøteforberedelsene ble det gjennomført en bred diskusjon om situasjonen i partiet i Hordaland.

Det ble oppsummert at framgangen siste tida har vært mindre enn det de objektive forholdene og partiets sterke sider skulle tilsi.

Dette skyldes svakheter i partiet på tre områder:

- det ideologiske, som dreier seg om verdensanskuelsen, klassestandpunktet - kort sagt partimedlemmenes måte å tenke på og holdningene til klassekampen og partiet.
- Det politiske området, som går på å utvikle og forsvare en riktig, kommunistisk linje (partiets linje), unngå venstre og høyreavvik i den politikken vi fører.
- Det organisatoriske området, dvs. de konkrete metodene vi benytter oss av i arbeidet.

Vi har sett svakheter på det politiske området. Bl.a. ved Stortingsvalget, Camaraaksjonen, 1. mai og i Kvinnefronten har det vært partimedlemmer som har stått for en feilaktig politikk. På det organisatoriske området har vi også gjort feil. Men hovedsvakhetene ligger likevel på det ideologiske området - i holdningene til partiet, til massene og til de kravene klassekampen stiller oss overfor.

I det hele tatt vil svakheter i politikk og organisering ofte kunne føres tilbake til svakheter på det ideologiske området. Felles for disse svakhetene i ideologien er at de i stor grad må betraktes som utslag av en høyretendens med småborgerlig intellektualisme, individualisme og manglenede tiltro til partiet og massene som de viktigste kjennetegn.

~~Svakhet~~ Synet på kaderen er et av de spørsmålene der en markert høyretendens har kommet til uttrykk. På årsmøtet i 1972 ble det reist en kamp mot krigskommunismen. Krigskommunismen var et uttrykk for de venstretendensene ml-bevegelsen i en lang periode kjempet mot. Det var en stil i det indre partiarbeidet som hemmet kaderfostring, kvalte lokal planlegging og initiativ og var grunnet på en overvurdering av kaderens muligheter til å delta i hardkjør og politisk arbeid alment. Krigskommunismen måtte bekjempes. Men denne kampen ble delvis fordreid til å gjøre kaderen til det primære. At vi i utformingene av den konkrete politikken, planer osv. i større grad skulle ta utgangspunkt i kaderens behov og muligheter enn i klassens og partiets behov. Dette førte bl.a. til valg i organisasjonen som la mer vekt på kaderens utvikling enn klassekampens behov for en sterk ledelse.

Andre framtreddelsesformer:

- Tendenser til å stirre seg blind på våre egne svakheter når vi blir angrepet av opportunisten - SV og KAG. I stedet for å forsvare partiet mot angrep gå med på at "de har jo rett i mye".
- Manglende tro på at vi kan oppnå store resultater, rutinemessig og slapp arbeidsstil. Ikke ta alvorlig på motsigelser og feil i arbeidet.
- Tendenser til å ikke ta marxismen-leninismen som utgangspunkt for politiske analyser, men like mye til å stole på borgerlig vitenskap og egne spekulasjoner.

- Tendenser til intellektualisme.
- Tendenser til stor diskontinuitet i arbeidet. Arbeidet går i rykk og napp ettersom personlig prioritering forandrer seg.
- Er for lite bergensere. Tar for lite utgangspunkt i det massene opplever som sine problemer.
- Det er sterke trekk av avsky mot økonomisk og teknisk arbeid og en tendens til å betrakte diskusjoner o.l. som det "fine" politiske arbeidet. Dette fører til rot og kaos i teknikk og økonomiarbeidet.
- Lavt oppmøte på Herdla - liten forståelse for kollektiv utnyttelse av fritida.
- Motstand mot virkelig proletarisering av partiet - utplassering og rekruttering av arbeidsfolk.
- Tendenser til kritisisme overfor distriksstyret og SK. Kjøre fram kritikk mot at DS og SK ikke har gjort ting hele partiet må stå sammen om å gjennomføre, eller som ikke lar seg gjennomføre.

Hovedinnholdet i denne ideologiske høyretendensen kan oppsummeres i to hovedfeil - individualisme, det å sette individet over kollektivet, Og: idealisme - manglende evne til å innse partiets og massenes skaperkraft. Manglende evne til å stille og sloss for oppgaver som bringer partiet og folket framover mot sosialismen.

BETYDNINGEN AV IDEOLOGISK KAMP I FYLKESPARTIET NÅ.

Et av de teoretiske standpunktene vi marxist-leninister alltid har hatt, og som opportunistene av alle slag har rast mot, er synet på at det foregår klassekamp i partiet og i kaderen. I det borgerlige klassediktaturet vil reaksjoner, metafysisk og individualistisk ideologi påvirke klassestandpunktet, og skal kaderen og partiet utvikle seg, må det bl.a. skje i kamp mot slike tankestrømninger. Kampen mellom borgerlig og proletar ideologi er noe som alltid vil prege det kommunistiske partiets indre liv. Partiet kan bare utvikle og konsolidere seg dersom kampen mot borgerlig ideologi føres resolutt innad og utad.

Vi går nå inn i fase 2 av årsplanen. Målet med denne fasen er å konsolidere AKP (ml) på et solid marxist-leninistisk grunnlag. Målet er å skape et parti av Lenins og Stalins type - et stålsatt og sammen-sveist parti som kan ta ledelsen i arbeiderklassens og folkets kamper.

Hvordan gjøres det? For det første - vi må skape enhet på de viktigste aktuelle klassekampssakene - f.eks. kommunevalget. Videre må vi høyne det teoretiske nivået, spesielt hos tillitsmannskaderen i partiet. Men - det viktigste blir likevel kampen på det ideologiske området, for å konsolidere partiet på arbeiderklassens standpunkt i tenkning og holdning til klassekampen. Ser vi dette på bakgrunn av det som er sagt tidligere om situasjonen i fylkespartiet, blir det enda klarere at det må være rett: Å konsolidere fylkespartiet må bety å slå et slag mot de viktigste svakhetene i partiet. Altså, vi må reise kampen mot de ideologiske høyretendensene.

KAMPANJENE ER VIKTIGST NÅ!

I løpet av fase 2 skal partiet gjennomføre 3 store kampanjer, abonnements- og løssalgskampanje for KK og innsamlingen til rotasjonspresse. Videre skal Marx-Engels skolens grunnkurs 2 gjennomføres for hele tillitsmannskaderen og andre interesserte. Vi skal gjennomføre viktige diskusjoner på faglig politikk, kvinnepolitikk og oljen. Dessuten skal kampanjen for Røde Fane føres til ende. Hva er viktigst?

Det må være de store kampanjene. Aller viktigst er KK-kampanjen, økt løssalg og en kraftig økning i abonnementstallet. I sin kjerne er dette en kampanje som har som mål å styrke hele partiets grep om propagandaarbeidet - arbeidet med å føre ut i masseomfang en kommunistisk politikk. Nettopp i en slik kampanje må kampen rettes mot borgerlig ideologi av høyrekarakter - mot økonomisme som sier at kommunistiske ideer ikke betyr noe, dagskampen er alt. - Mot planløshet og rot. - Mot nederlagsstemning. Mot opportuniste og liten tro på partiets politikk, ja mot de feilaktige ideene som en tid har fått lov til å prege fylkespartiet litt for mye.

ERFARINGENE FRA FORRIGE KAMPANJE.

Nettopp KK-kampanjen i fjor var en av de enkeltsakene partiet i Hordaland gjennomførte dårligere enn vi hadde forutsetninger for å gjøre. Ser vi nærmere på erfaringene fra denne kampanjen, ser vi igjen at det er de spesielle ideologiske svakhetene som preget arbeidet. Manglende tro på resultater, manglende kollektivt ansvar og konkret planlegging og ingen ideologisk kamp mot feil som ytret seg i kampanjen.

Kort oppsummert: KK-kampanjen er hovedoppgaven i fase 2. Skal målene vi har stilt oss bli nådd, må vi skjerpe kampen mot de ideologiske høyretendensene i partiavdelingene og i ledelsen på ulike nivåer.

Samtidig har vi i kampanjene fått en gradmåler som gjør at kampen mot høyretendensene kan føres på materialistisk vis, på en måte som vil gi konkrete resultater. Vi skal ikke bare snakke om korrigering og konsolidering av partiet. Vi skal måle det i konkrete resultater - i økt utbredelse og gjennomslagskraft for den politikken partiet står for. Økt løssalg og mange nye abonnenter til Norges eneste kommunistiske avis er målet for konsolideringen - GÅ IGANG!

Still konkrete mål for kampanjen, diskuter det politiske innholdet i kampanjen, trekk alle medlemmer inn i gjennomføringen og styrk den ideologiske kampen mot feil som kommer til syne.

250 nye abonnenter og 175 i fast løssalgssøking skal bli oppnådd i Hordaland!

DS-AU

ANNONSE:

3-værelses aksjeleilighet i Fyllingsdalen
ledig for 3 år. Fullt møblert, ca. 700-800 kr./mnd.

Kontakt snarest: ARNE [REDACTED], N. [REDACTED] 45

LYN-INTERVJU OM KK-KAMPANJEN

Te [] og O [] har me kalla to kameratar som er godt i gang med KK-kampanjen. Me har spurd dei ut om gode råd til arbeidet med kampanjen. Te [], korleis har du verva abonnentar til KK?

T.: Det har vore ulike folk og ulike argument. Ein kjøpar var redd for å bli registrert av SIPO. Men han synst vel om avisa og tok til å abonnere då han skjona at me alle måtte gjera noko for å halda avisa i gang. Dårleg økonomi for avisa tyder innskrenking, ikkje utviding av avisa. Ein annan tok abonnent for å bli retteleg etablert når han kom heim til gamlelandet. Så var det ein som har kjøpt eller lese avisa fast i $\frac{1}{2}$ år og synst ho var ein god støtte i det faglege arbeidet. Men han hadde dårleg råd. Han fekk abonnemont som gave - voner han fornyer det seinare. Svogeren min tok abonnemont. Då heldt eg fram at KK ga informasjon: stoff som andre aviser ikkje hadde, på ein annan måte enn andre aviser. Pluss at eg synst den politiske linja er rett.

Eg går sjeldan rett på avisa for å få folk til å teikne abonnemont. Det er heller slik at me diskuterer ei sak, og under samtalen kjem inn på at nett derfor er det veldig bra å ha KK. Men nokon gonger er det rett å køyra hardt på folk. Det finst folk som seier seg samd i avisa (stort sett), men har alle aviser unntatt KK. Då må ein spørja om dei verkeleg er samde i det som star der, eller bare seier seg samde.

O.: Alt dette gjeld kjende. Ekstern verving er noka anna. Me sel i strøket, nye dører kvar veke. Det har me gjort sia august. No skal me gå på nytt til dei som kjøpte, høyra om dei vil ha abonnemont. Kan henda var det bare "eingongs-kjøp". Men røynslene syner at me vinn nye kontaktar.

Har de gode idéar å gje til kameratane?

O.: Me har ingen "knepe" - viktigaste er rett og slett å spørja folk. Sær viktig er det å byggja opp rutinen i arbeidet. No har me ein heilt annan stil i arbeidet enn før - alle sel KK kvar veke - boligstrøk, faste kontaktar. Des utan sel me på stand - noko beskjedent, kan aukast. Dette salet trur me det er realistisk å halda oppe etter kampanjen og.

Dette er grunnvullen. Men til dette kjem ekstra tiltak no i kampanjen: Gå med vervelappen på baklomma, hugsa på å ta han fram. Til rotasjonsressa: Ha bøsse framme heime - be om pengar frå folk på vitjing. Det gjev resultat om det så bare kjem inn småpengar kvar gong. Setja opp lister over kjende de vil gå på. Det blir beskjedne lister, men dei gjev resultat. Mykje skal det ikkje til før det merkast på statistikken, om bare alle gjer slikt.

Elles: Kva med KK på biblioteket? På lærarvarelse, i lunsjrom, abonnemont frå fagforeningar osv.?

Ei oppmoding til alle kameratane i fylket:
Sjå alvoret i situasjonen - men hugs at framtida er ljøs!

TO LINJER I MÅLSTRIDEN

ORDSKIFTET KRING MÅLSTRIDEN ER BLITT IRAFTIG TILKVEST NO I SOMMAR. KLARERE OG KLARERE TEIKNER DET SEG TO HOVDLINJER OPP MOT KV RANDRE: EI PROLETAR LINJE PÅ MARXIST=LENINISTISK GRUNN, OG EI REFORMISTISK LINJE. DENNE STRIDEN OVERER SEG BÅDE UTANFOR OG INNANFOR AKP (M-L). ME HAR SPURD EIN KAMERAT SOM JOBBAR I MÅLLAGET OM Å GJERA GREIE FOR DEI ULIKE LINJENE I MÅLARBEIDET.

KORLEIS HAR MÅLSTREVET STÅTT I ARBEIDARRØRSA I NORGE TIDLEGARE? KORLEIS HAR DEI TATT OPP STRIDEN, KVA VAR DEI VIKTIGASTE VEIERSKAPANE?

Dei linjene som fanst var sosialdemokratiske. NKP evna aldri staka ut noka skikkeleg linje for målstriden. Men både sosialdemokratar og kommunistar i Norge hadde store veikskapar i å handsama nasjonale spørsmål i det heile.

Koht (DNA) meinte arbeidarane sjølv hadde målkrav å reisa, men sette ikkje dette saman med målreisinga til heile folket på rett vis. Derfor blei målstriden aldri eit k l a s s e spørsmål, meir "solidaritet med bøndene".

DNA hadde ein visjon om å byggja i hop bokmål ("bymålet") og nynorsk ("bygdemålet"). Det vil seia: Tryggja heimstadretten for bokmålet i Norge. Bokmål er eit inntrengjar-mål som rettast kan kallast tillempa dansk. Feil å tru at arbeidarane i byane snakkar dette målet.

I samsvar med synet til Stalin hevder me at dansk aldri kan bli anna enn dansk, same kor mykje ein freister "smelta det i hop" med norsk. Det er fåfengt å freista smelta saman dansk og norsk. Konsekvensen blei at kravet om å reisa nasjonalmalet aldri blei stilt for arbeidar-klassen. Arbeidarane fekk aldri valet mellom norsk og dansk.

DEN NYE REVOLUSJONERE RØRSLA I NORGE HAR GJORT OPP MED MANGE AV DEI GAMLE VEIERSKAPANE. GJELD DETTE FOR MÅLSPØRSMÅLET OG? KORLEIS HAR DEI YMSE LINJENE I ML-RØRSLA ARTA SEG?

På den eine sida hadde ei gruppe aktive målfolk. Dei synst det var viktig å stri for det norske målet, men vanta ei djuprøtt kommunistisk plattform for arbeidet.

På hi sida sto det store fleirtalet av ml-arnae. Dei synst målstriden var progressivt, og at det var verdefullt å ha folk i målfronten. Lærebokaksjonen og EEC-striden synte dette. Men elles synte dei fleste ml-ane bare mild interesse for målstriden.

Sams for baa retningane var at dei ikkje såg det som ei sak for arbeidar-klassen. Det galdt næmast å vinna allierte for arbeidar-klassen. Målfolket var ei progressiv gruppe innanfor det arbeidande folket.

Typisk: Diskusjonen galdt mest bygde-Norge, næringsgrunnlaget i bygde-Norge, problema til innflyttarane i byane.

Samstundes synte det seg eit spontant ønske ~~xx~~ i ml-rørsla om å skriva folkeleg. T.d. a-former i KK. Dette var uttyrkk for ein bra tendens, men det er ikkje mogeleg å sy saman eld og vatn - norsk og dansk.

Som heilskap må me seia at AKP har vanta ei vedtatt linje på kva som er målet til det arbeidande folket i Norge.

SOMMARLEIREN BLEI EIT VENDEPUNKT? KORFOR?

No i sommar blei malarbêadet lagt under leiarskapen til DS. Dermed fekk målfraksjonen betre forståing for det landsomfattande ansvaret for å driva fram ordskiftet i partiet.

Sommarleirane skulle sprengja fram detteordskiftet. Dei blei sær sars vel-lukka. Hovudtendensen går no i retning av at folk ser på kampen for å reisa nasjonalmålet som kjernen i striden, og vil bryta med dansk-tra-disjonen.

Dette hang saman med eit perspektiv-skifte. Før var det nærmast "me er målfolk som jobbar i partiet". No er det meir "me er partimedlemmer som jobbar med målreising". Skilnaden ligg i at fyrste retninga ikkje smeltar saman med det beste av marxistpleninistisk vitskap i partiet. I staden ~~xx~~ aukar faren for "private teoriar".

KVA ER GRUNNDRAGA VED DEN PLATTFORMA DE HAR MEISLA UT FOR MALARBEIDET?

Plattforma byggjer på den høgt utvikla mål-vitskapen i Norge og inter-essane og røynslene til arbeidarklassen. Målreisingskravet er eit klassekrav frå heile arbeidarklassen i landet - dei talar norske dia-lektar, enten dei jobbar i byane, større industristader eller i små-industri på landsbygda. Det er historisk naudsynt å opphøgja målet deira til rett mål i Norge, i strid med det inntrengte framandmålet.

Framandmålet er bore oppe av ein talemåls-minoritet innanfor vorgar-skapet, særleg i mono-polkapitalen. Mange av desse er ætta frå Dan-mark, og ber med seg ein dansk tradisjon. Dette gjev den sosiale sida ved målreisinga. Å reisa nasjonalmålet er såleis klassekamp. Denne kampen må arbeidarklassen gå i brodden for.

Arbeidarklassen har interesse av:

- Å gjera slutt på trækkinga av talemålet med dei mentale skadeverk-nadene dette gjev.
- Nyttå norsk mål i alt arbeidet og kampen, utvikla dette målet til ein god reiskap i klassekampen, og kampen for produksjonen, vitskapen og kulturen.
- Styrka den nasjonale einskapen og motstandskr fta mot imperialismen.

KVA ER DEI VIKTIGASTE LINJENE SOM STAR OPP MOT DENNE PLATTFORMA - INNANFOR OG UTANFOR AKP?

Framleis står nokre på den gamle haldninga: Mååsak er bra, men vedkjem andre - ikkje meg, vestlandsbønder - ikkje arbeid-ar. Dei ser ikkje at det er n a s j o n a l m å l e t som er undertrykt.

I slekt med dette syn t har me eit anna: Nynorsk kan knapt bli nokon samnemnar for alle norske dialektar, mange dialektar er sa oppblanda med anna at dei ikkje soknar til nynorsken lengre. Dette føreset at det har gått føre seg ein "syntese" mellom norsk og dansk til eit tredje mål. Dette er ikkje rett. Austlandsdialektane har berga grunn-draga i målet - grammatisk bygnad og grunntilfanget av orda.

Dette er klare høgre-linjer som gjer knefall for dansken. Det er Riks-målsforbundet og t.d. folk som Finn Erik Vinje som vil ha oss til å tru at dialektane døyr ut, at talemålet blir meir og meir normalisert etter riksmåls-lesten.

Me har òg linjer som er "venstrø" i forma. Nokre set klassekampen i staden for kampen for det nasjonale målet. Dei hevdar at motseiinga ikkje gjeld nasjonalt mål - inntrengjarmål, men folkeleg mot ufolkeleg mål. Dei tuskar vekk at me har ei tevling mellom to mål i landet. Då blir det mest det same om folkeleggjeringa blir kjempa fram innafør bokmålet eller nynorsken, det blir ikkje naudsynt å ta knekken på bokmålet.

Klarare blir det når SV'aren Wiggen talar om "maktspråk" og "klasse-språk". Han hevdar at motseiinga norsk-framandt mål er utrydda, "sosialistane" må slåst mot "maktspråket" i staden. Kampen gjeld bare tunge, tilslörande vendingar som byråkratane og kapitalistane nyttar.

Resultatet er at Wiggen skjer heilt utanfor det som er det viktigaste målkravet for arbeidarklassen i Norge: Å få oppreist nasjonalmålet. Å tala om "maktspråk" eller "klassespråk" er heilt uvitskapleg.

Kva blir konsekvensen av ei galen oppfatning av tilhøvet mellom mål og klassar? I verste fall: Kampen for nynorsk - mot dansk inntrengjarmål - blir ikkje reist i det heile (Wiggen). I staden får me eit "blandingsmål" som bergar heimstadrätten til bokmålet. I beste fall får me ei veik argumentering for nynorsk. Pendelen svingar mot rein dansk. Me kan hanna i talemålsanarkisme: uforpliktande vedlåte om dialektane (som "alle" kan semjast om) som ikkje tar opp striden for den skriftlege samnemnaren. Men dialektane blir ikkje reiste med at vörnåden for dei aukar og bokmålet får stå som før. Ikkje gløym at det norske skriftmålet er "mur og sverd" for dialektane!

DE HAR HATT DISKUSJONAR MED KAMERATAR I SK/AU. KORLEIS SER DEI PÅ DEI SYNA SOM ER LAGDE FRAM?

SK har ikkje ei samla linje i målsyn t, men no har einskildkameratar tatt del i debatten og utviklar leiarskap i målarbeidet òg. Dei kameratane me har diskutert med har dels lagt fram sine personlege syn, dels har dei lagt fram tankar som fleire i partileiinga var samde i.

Me fann då at me var samde i at me på lang sikt må stri for eitt mål i landet: norsk, at me må bryta ned samnorsk- og bokmåls-linja.

Me er ikkje samde om forma på skriftnorma. Kameratane frå SK/AU ville byggja på ein, folkeleg dialekt - t.d. Oslo-dialekten. Me hevdar at dei norske dialektane finn sams skriftleg uttrykk i nynorsk. Nynorsken tar vare på fellesdrag og system som ovrar seg i alle norske dialektar, utan å samsvara med nokon einskild-dialekt i eitt og alt.

KVA VAR GRUNNGJEVINGA TIL KAMERA TANE FRÅ SK/AU?

For det fyrste masselinja: Mange arbeidsfolk kjenner nynorsken som framand og problematisk. Mange trur nynorsk er vest-norsk. For det andre historiske døme frå andre land. Dei fleste kjende døme på å reisa nasjonalmålet i nyare tid, har sprunge ut av den mest utbreidde dialekten, bleidst hevde.

DINE KOMMENTARAR?

Til argumentet om historiske døme: Avgjerande har ikkje vore kor mange som tala mönsterdialekten, men kvar hovudstaden låg. Hovudstads-dialekten blei riksnorm. Her var setet for statsmakta, og økonomisk og kulturelt senter for herskarklassen. Initiativet frå statsmakta var avgjerande for å byggja opp og bryta ned (då Norge låg under Danmark) normalen. Me treng ikkje gå den vegen.

Om masselinja: Det er uvitskapleg å tru at nynorsk er meir vestnorsk enn austnorsk. Borgarskapet har bygd opp denne trua, godt hjulpet av sosialdemokrateiet. Til dette har dei nytta skulen, pressa og masseorganisasjonane (særleg fagrørsla). Det er ein langsiktig og djuptgripande kamp å endra på desse galne tankane, me kan ikkje triksa dei bort med ein ny normal.

Målreisinga må drivast ved å føra dei rette idéane ut i arbeidarmassane og ta kamp på dei. Det er dette som ligg i masselinja. Men då må me òg vera klar over at me får kamp: Idéar me har kan bli korrigererte, men elles vil det dukka opp både rette og galne linjer i massane. Det må me ikkje ottast. Det er òg mogeleg at skriftnormen då blir endra på nokre punkt.

Me må bryta sund den stilen at nokre målhovdingar skal tenkja på vegner av arbeidarklassen, at arbeidarane sjølv ikkje får valet.

Eg syst det er urimeleg å bryta med nynorsken for å starta på nytt frå bakke - bryta med den litterære tradisjonen og den masserørsla som er i gang.

TIL SLUTT: NOKRE RÅD TIL DEI PARTIKAMERATANE SOM STÅR FREMST I

Hald fram med den politiske og ideologiske kampen, men sjå på oss sjølv: med! Nokre av dei galne tendensane som ovrar seg elles i partiet, finn me i fullt monn i målfronten òg. Eg kan nemna t.d. individualisme og kritisisme.

Eg tenkjer på slikt som politisk vingling: "balansert" oppfatning av Koht, t.d., i staden for å kjempa mot linja hans som ei galen hovudlinje for målrørsla. Eller ein tendens til å sjå på seg sjølv som sentrum for partiet - partiet ein reiskap bare for seg sjølv. Partiet blir ein snill julenisse me går til med ønskelista, så skal dei milde gåvene dryssa over oss. Slår ikkje dette til, blir partiet "tregt og jævlig". Ein ser ikkje i augo at ein sjlv representerer partiet like mykje som nokon i Oslo.

Til grunn for dette ligg ein småborgarleg tendens, intellektuelle med drag av småbonde-individualisme. I staden for djuprøtt proletær tenking heng dei att i mistanke til arbeidarklassen, særleg Oslo-folk. Det er ei sentrums-periferi-notseing som me kommunistar må knusa.

Snåvonde-individualismen har blitt møtt med ein annan tendens i partiet. Dette har vore ein tendens til å tenkja og handla som partimedlemer. Sjå alle spørsmål frå synsstanden til partiet, og arbeida for å vinna heile partiet for ei rett linje. Ikkje gje fred - men samstundes tålmod, ikkje tvinga seg fram på tvers av naudsynleg politisk prioritering. I staden for å spreia misstemning i partiet og leggja opp til uforsonleg kamp: sjå oss som tålmodige oppsedarar, kjempa etter prinsippa einskap-kritikk-einskap.

Denne kampen må føra til ei monaleg styrking xx i å:

1. Få debatten meir ut!
2. Sameina seg med partileiinga i distriktet og i landet.
3. Gjora målfraksjonen meir effektivt organisert.

=====

DEBATT: SOSIAL-IMPERIALISME OG MILITÆRPOLITIKK

Enig i at sosial-imperialismen er en minst like stor trussel mot Norge og verdens folk som USA-imperialismen.

Også OK at Sovjet-regimet mer har karakter av fascistisk diktatur enn av borgerlig-demokratisk diktatur.

Spørsmålet om sosialistenes holdning til Sovjetmakten er uhyre viktig, stadig viktigere ettersom Sovjetunionens militære styrke vokser, etter hvert som dets aggressive og imperialistiske ambisjoner blir mer og mer åpenbare. Enig i at russerne har mye å hente i Vest-Europa: 1) kapital, 2) ekspertise, 3) teknologi m.m. Ikke minst blir Norges situasjon mer og mer utsatt, ettersom Sovjet forserer sin utbygging av en konvensjonell havgående, offensiv marine. Norske-kysten får dermed økt strategisk betydning, både positiv som oppmarsjområde/basisområde for russiske flåtestyrker, og som en potensiell trussel mot samme, så lenge vi er med i Nato. Vårt kystfarvanns økonomiske betydning er også blitt revolusjonært de siste par-tre år (olje!).

En ikke helt utenkelig situasjon: USA (Kissinger+Ford) har nylig kommet med dårlig skjulte trusler overfor OPEC-landene om at en okkupasjon av viktige oljeland i Midtøsten kan bli resultatet av fortsatt høye oljepriser. Sett at en slik militær intervensjon fant sted: Ikke usannsynlig at russerne ville svare bl.a. indirekte ved å okkupere Norge, - kompensasjon i sitt "hjemmefarvann" fremfor å ta kampen opp i selve Midtøsten.

M.a.o.: for oss nordmenn er det av spesielt stor betydning at Sovjetunionens sanne vesen blir avslørt.

Men desto viktigere er det at vi ml-ere (som er de eneste som har et adekvat syn på dagens USSR) er klar over hva slags holdninger og ideer vi har å gjøre med i vårt omland.

Tross lat så lever vi i et av de mest humane, åpne, demokratiske og liberale av de vestlige "borgerligedemokratiske diktaturer".

Vi må ^{bare} ta for gitt at majoriteten, selv i den norske arbeiderklassen, har et temmelig skeptisk syn på Sovjet, også i Stalins tid. Når vi sjøl setter opp Stalins Sovjet som en positiv motpol til revisjonistenes/de kontrarevolusjonæres USSR etter 1956, bør vi i det minste forlange av oss sjøl at vi klarer å anskueliggjøre og gjøre forståelig sammenhengen/mangelen på sådan - overgangen - fra det ene samfunnsystem i Sovjet til det andre. Dette har vi langt i fra greidd. Jeg synes sogar at spørsmålet er altfor dårlig debattert innad. En del kamerater er opplagt i villrede om synet på Stalin (jeg selv bl.a.). Jeg tror jeg tør påstå at fremdeles er "stalinist"/"stalinisme" et skjellsord, selv blant den norske arbeiderklasse, og at så lenge vi identifiseres med dette begrepet, uten å anskueliggjøre det/utrede det bedre, så vil vi ha de største problemer med å slå igjennom i vårt noe spesielle politiske miljø. Spesielt vil mange ha problemer med å feste lit til vår fremstilling av hvor farlig sosialimperialismen er i dag, når de som sagt forbinder oss med Stalins Sovjet. Fremdeles anser jo de fleste Krustsjøv og brešnjevsk Sovjet som en liberalisert og humanisert ("tøvær") utgave av Stalins system.

Det er utilstrekkelig i Norge i dag kun agitatorisk å slå fast at Stalin var i hovedsak bra. kontrarevolusjonen i 1956 gjorde derimot systemet plutselig borgerlig og fascistisk. Dette blir ikke trodd.

Spørsmålet må debatteres grundig innad i bevegelsen, og deretter må konklusjonene kjøres ut grundig, propagandistisk. Innen så skjer, er jeg redd for at vårt syn vil forvirre mange.

Kunne ha lyst til å nevne et par andre punkter hvor jeg er noe uenig med forslaget.

1) Synes at analysen av sovjetsystemets karakter av i dag gjør det statemonopolkapitalistiske system for likt det vestlige monopolkapitalistiske system.

Enig i at USSR blir stadig mer og mer imperialistisk, og i at det økonomiske system beveger seg vedvarende i retning av å ta i bruk flere og flere kapitalistiske økonomiske mekanismer.

Men: likheten overdrives. Der er ennå forskjeller mellom de to system. Bare nevner forskjellene, argumenteringen vil bli for lang.

a) Den russiske imperialismen ikke på samme måte som den vestlige en nødvendig konsekvens av systemets indre struktur. Men så lenge den lønner seg, vil russerne fortsette med det. (kolonialisme, internasjonal maktpolitikk - 'imperialisme' kjent før den kapitalistiske historiske epoke).

b) At den russiske økonomi nærmer seg den vestlige også OK. Men dette mer fordi den herskende overklasse (parti/statsbyråkrati, ledende bedriftsleder o.l.) finner dette politisk og økonomisk opportunt, enn fordi systemets indre økonomiske logikk tvinger dette frem. Fremdeles er det så store innslag av sentralisert makt/kontroll med det økonomiske system at jeg ikke tror på at internt sammenbrudd i russiske økonomiske system.

Jeg tror vi lurer oss selv om vi venter oss lignende typer økonomisk sammenbrudd i Sovjet som f.eks. valutakrise i Vesten eller handelskrig med påfølgende ekstrem stagflasjon.

Jeg mener at Sovjets og USAs (f.eks.) kapitalisme ikke er den samme i sitt vesen, selv om dens konsekvenser for verdens folk er like negative.

2) Detter kanskje ikke rette stedet. Men: En av de mest nærliggende konsekvenser av vårt syn på sosial-imperialismen i dag må være å se nærmere på vår forsvarspolitik. Vis å vis russerne kan det norske folk komme i en 9.april-situasjon før det far sukk for seg.

Det er for enkelt bare å si at: "hverken Nato eller Warsjavapakten, bare væpning av det norske folk, er svaret på truselen".

Poeng: Det nytter ikke å forsvare seg mot sosial-imperialismen med bare håndvåpen, russerne kan komme den dagen revolusjonen utvikler seg her i landet; da er det sannsynligvis for seint å bygge opp en ny folkehær for å bekjempe verdens sterkeste militærmakt og en av våre nærmeste naboer.

Hva skal vi gjøre mens vi venter på revolusjonen? Utover å drive politisk militærtjeneste? Vi får ingen anledning til å væpne det norske folket før en revolusjon inntreffer. Det villevære å gjøre revolusjon!!

Enig i at verken NATO eller Warsjavapakten er alternativer. Men hva

med: 1) konvensjonelt norsk forsvar (alliansefritt) - hvem er farligst (først farlig) for oss: den norske klassestat, i siste instans avhengig av en vernepliktshær, eller en fremmed, nådeløs fascist-makt?

2) Norsk, nasjonalt alliansefritt forsvar av heimevernstype (gerilja-forsvar el.l.).

3) Norsk, borgerlig/konvensjonelt forsvar f.eks. i allianse med Sverige og Finland.

Saker som dette bør diskuteres. Å bare gå inn for null bevilgninger til det stående norske forsvar minner meg vel mye om det brukne geværs politikk før 1940!

Denne debatten er kanskje den viktigste i forbindelse med hele sosial-imperialisme-komplekset!

FRÅ REDAKSJONEN: KAMERAT, DU VIK AV FRÅ MARXISMEN=LENINISMEN!

F. [redacted] drar fram fleire vesentlege saker som syner at trugsmåle t frå sosial-imperialismen er reelt. Men han vik av frå partilinja i ei mengd saker - noko som spēglēr ideologisk og politisk usemje i partiet. Derfor må ordskiftet halda fram om dei sakene F. [redacted] reiser. Den grunnleggjande usemja gjeld:

1) Korfor har nordmenn flest eit gale syn på Stalin? F. [redacted] skriv: "Jeg tror jeg tør påstå at fremdeles er 'stalinist/stalinisme' et skjellsord... så lenge vi identifiseres med dette begrepet, uten å anskueliggjøre/utrede det bedre, så vil vi ha de største problemer med å slå igjennom..." Sjølvsaft er "stalinisme" eit skjellsord - fordi borgarskapet har interesse av det, og dei sit med makta (pressa bl.a.). Men endrer me synet til folk flest om me skriv fleire bøker?

Eller er kjerna i spørsmålet at synet vårt blir undertrykt?

Eg hevder synet vårt på Stalin er grunnleggjande r e t t. Men det kan sjølvsaft utdjupast, sjå td. annan artikkel i Solrenning. F. [redacted] hevder synet vårt er så gale at det av den grunn ikkje kan oppfattast av folk.

2) Me er ikkje samde i synet på Sovjet i dag. F. [redacted] hevder i røynda at Sovjet ikkje er kapitalistisk: "Jeg mener at Sovjets og USAs... kapitalisme ikke er den samme i sitt vesen, selv om dens konsekvenser for verdens folk er like negative." Vesnet i USA-samfunnet er kapitalismen (profitt som drivkraft osv.). Vesnet i Sovjet-samfunnet er altså noka anna, kva då?

"At den russiske økonomi nærmer seg den vestlige også OK. Men dette mer fordi den herskende overklasse... finner dette politisk og økonomisk opportunt, enn fordi systemets indre økonomiske logikk tvinger dette frem". Men finst det ikkje nokon klassemessig grunnvoll for "opportunismen"?

Eg trur bae desse punkta spring ut av ideologisk usemje: materialisme eller idealisme. Viktigaste politiske konsekvensen gjev dette i:

3) Militærpolitikken. F. [redacted] går mot linja til partiet: Ingen løyvingar til det borgarlege valdsapparatet. I staden vil han byggja opp eit

forsvar som i dag gjev fullgodt vern(!!) for arbeidarklassen.

- han gjer seg avhengig av at herskarklassen er nasjonal, har gløymt røyntslene frå 9. april.
- han lit ikkje på massane, trur ikkje dei er i stand til å byggja opp eit geriljaforsvar ved eigne krefter. Trur ikkje det er mogeleg å fella imperialismen etter at dei har hærsett landet vårt.
- han syner overdriven respekt for teknikken. Han trur den overlegne teknikken til USA/Sovjet gjev dei avgjerande føremunar under alle tilhøve, og uansett kampviljen til soldatane. Dette er rein og skir overtru. Me må avvise all overtru!

Konsekvensane av linja til F[REDACTED], t.d. å byggja på HV, vil vera: Ei styrking av det borgarlege valdsapparatet som kan drukna revolusjonen i blod. HV er opplærte av Green Berets! Dette er anti-gerilja, ikkje folkevapning. Dessutan kan ei slik linje gje folkeleg tradisjon og støtte til anti-gerilja mot revolusjonen.

Grunnlaget for desse tankane er at F[REDACTED] ser kor farlege imperialist-maktene er, men freister koma seg ut av vanskaner ved idealistisk ønsketenkning. Derfor voner han at me alt i dag kan byggja opp ei fullgod vopning av folket, endå om folk ventar eit revolusjonært meirvit. Det er ikkje mogeleg, kamerat.

Me må sjå røyndomen i augo som han er, og lita på kampkrafta til massane. NATO-øvingane syner at norske soldatar slår ut t.d. USA-soldatar alt i dag - kor mykje ~~hardare~~ hardare vil dei ikkje slåst om det sto om sjølvråderetten og sosialismen?

Synet på Sovjet i dag og linja for vernet mot imperialismen er to av dei viktigaste område av politikken vår. Her må partiet ha ei linje som er rett, og klar. Derfor må ordskiftet halda fram. Eg oppmoder F[REDACTED] om å gjera klarare greie for dei tinga eg har tatt opp. Eg oppmoder alle andre lesarane om å ta del i debatten.

-RED-

PS: Eg vil gjerne nytta høvet til litt reklame for Øktober. Om folk er i beitt for stoff om Moskva-prosessane, fint det eit ypperleg hefte i serien "Folkets historie" nr. 1: D.N. Pritt om prosessen om Zinovjev, Kamenev o.fl. Eg har lese mykje både for og mot prosessane, men eg har aldri lese noko som har så mykje som roken ved dei tinga som blir lagt fram i heftet. Voner det er i sal framleis. RED.

MELDINGAR:

B O K F O R M I D L I N G F R Å O K T O B E R

Oktober bokhandel i Bergen vil drive bokformidling for kjøparane. Det vil seia: Dei bøkene som står på lista som fylgjer, kan bestil- last om de skriv til Oktober. De vil då få boka/bøkene som pakke i posten.

Dette tilbodet gjeld bøker frå forlaga: Gyldendal, Aschehoug, Cappe- len og Det norske Samlaget. Og sjølvstgt Oktober-bøker.

Lista omfattar desse bøkene:

GYLDENDAL:

Bjørneboe: Kruttårnet kr. 19.50
 Bojer: Folk ved sjøen 19.50
 Bojer: Troens makt 15.00
 Holt: Det stolte nederlag 24.50
 Holt: Storm under morgenstjerne 24.50
 Skram: Lucie 15.00
 Skram: Forrådt 15.00
 Vold: Mor godhjertas glade versjon. Ja. 19.50
 Holmås: Nok å ta seg til. 14.50
 Ibsen: Dikt 26.50
 Nilsen, Bjørn: Veien fram går først tilbake
 Obrestad: Stå saman 26.50
 Nilsen, Rudolf: Hilsen og hånslag 19.50
 Sagen: Båten til Bergen
 Hagerup: To skuespill
 Kalvik: Bak min dør 29.50
 Nilsen, Lillebjørn: Trubadur til fots 29.50
 Immelstorm (antologi) sci-fi 29.50
 London: På langfart med sjørken 9.50
 Sjöwall & Wahlöö: Det lukkede rom 22.50
 Sjöwall & Wahlöö: Mannen som gikk opp i røk 19.50
 Hansson: - og tok de enn vårt liv 19.50
 Dahl: Dårlig lesning under parafinlampe 23.00
 Sandvik: Friggjøringen av Finnmark
 Storstein: Kielland på ny 29.50
 Dale: Skolereformer og næringslivet 29.50
 Grieg: Veien fram 23.00
 Idrett for alle (utgis i samarbeid med idrettsaksjonen)
 Kolberg: Trygde-Norge 27.50
 Kriminalpolitikk (antologi)
 Kühnl: Borgerskapet og fascismen 28.50
 Mannssamfunnet midt i mot 29.50
 Sidel: Barn i Kina 29.50
 Vygodskij: Hvordan kapitalen ble til 29.50
 Sæther: Kvinnen, kroppen og angsten 29.50
 Kats: Å føde barn i dag 21.50

CAP ELEN:

Vik: To akter for fem kvinner 21
 Mikkelsen: Svart hav
 Nilsen, Tove: Aldri la dem kle deg forsværløst naken 27.00
 Sandbeck: Visebok
 Kemal: Tistlene brønner
 Bull: Ærlig talt
 Dahl: Bare for en dag
 Vik: Hurra, det ble en pike
 Næslund/Hansing: Sy barneklær 29.50

DET NORSKE SAMLAGET:

Hoem: Kvinnene langs fjorden 28.00
 Neruda: Balladen om Joaquin Murieta 18.00
 Norske folkeviser 15.00
 Uppdal: Dansen gjennom skuggeheimen 15.00
 Uppdal: Bølgere 15.00
 Uppdal: Vandringer 18.00
 Barraclough: Innføring i vår tids historie 15.00
 Bergsgård: Norsk historie 1814-1880 11.30
 Furus: Norsk historie 1905-1940 30.00
 Haugland: Målpolitiske dokument 1864-1885 25.00
 Mal. sangt 16.00
 Nerbovik: Norsk historie 1870-1905 25.00
 Bø: Utsyn over norsk folkediktning 19.50
 Sivle: Frå Voss 28.00

ASCHERHOUG:

Askildsen: Kjære, kjære Oluf 25.00
 Solstad: 25. september-plassen
 Skjæråsen: Bumerke 26.00
 Børli: Vindhørpe 24.00
 Sverdrup: Grønn kalender
 Grønset: Tater-Milla 28.00
 Kvinnen skapt av mannen 25.00
 Strandgaard: Gate opp og gate ned 23.00
 Hagg/Werkmäster: Kvinner og sex 19.00
 Grønset: Finnskog og trolldom/Nitahå-Jussi 18.50
 Hagerup: Det kommer en pike gaende 28.00
 Kristiansen: Adrian Posepilt 24.00
 Kristiansen: Var herres blindebuk 29.00
 Solstad: Arild Asnes 1970 16.00
 Solstad: Irr! Grønt! 18.00
 Grønset: Anna i ødemerken 25.00
 Birkeland: Farlig fredag
 Jacobsen: Peters baby
 Reutersvård: Han...der!
 Winberg: Når noen bare heider 22.00
 Brattstrøm: Smil litt, da! 21.00
 Lundgren: Ole kaller meg Lise 19.00
 Jacobsen: Hele dagen lang 21.00